

## Saksprotokoll 30.04.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar gir slikt svar:

«Tannklinikkane i Eivindvik og Hardbakke har i Sogn og Fjordane vorte bemanna av dei same personane ved at ein har hatt Hardbakke som ambuleringsklinikk under Eivindvik- Etter samanslåinga til Vestland vert Hardbakke styrt under Askvoll tannklinikk i område Nord og Eivindvik knytt til Knarvik i område Vest.

Vedkomande tannpleiar har tidlegare vore tilsett i det gamle Sogn og Fjordane der ho kombinerte stillinga si med ei stilling i Bergen der ho var busett. Vi har ved fleire høve over år vore i kontakt med vedkomande tannpleiar for å rekruttere henne til Eivindvik, det har ikkje late seg gjera. Vi har funne ei løysing der ein har sett på eit samarbeid mellom områda for å sikre tilgangen på både tannlege og tannpleiar.

Den 21.april 2020 sende vedkomande tannpleiar ein mail og sa at ho no ynskjer 100% stilling ved Eivindvik tannklinikk. Det vart frå underteikna svara same dag at vi pt ikkje kan ta slik avgjersler.

Følgande forhold må vurderast utifrå noverande situasjon:

- Er 100% stilling som tannpleiar i Eivindvik det vi har trong for
- Korleis skal ein då dekke tannlegeressursen?
- Skal ein tannpleiar i Eivindvik også dekke Hardbakke?

I dagens situasjon må vi kontinuerleg vurdere gjenåpning av klinikkar. For tida manglar vi smittevernsutstyr og behandlar berre akutte. Då må vi ha tannlege til desse tenestene. Det er usikkert når vi får nok smittevernsutstyr og kan gjenåpne alle klinikkar for full drift.

Når det er sagt er vedkomande tannpleiar ein medarbeidar vi gjerne vil knytte til oss, men vi må nok ha meir enn to dagar på å vurdere hennar førespurnad.»